

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. (Transport av høy) I.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erisfj. og Vistdal

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Vistdal sokn

Oppskr. av: Endre Stranden

Gard: Stranden

(adresse): Mikkelt

G.nr. 62 Br.nr. 1-

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


SVAR

1. På gardar som hev hest brukar man ei langvogn med 2 hjul og triggjindar. Disse grindane er festa til vognsleden med med tappar der gjing inn i rumpen på vogna og slik at grinden kan tages bort på den side man vil ha høyet av vogna. På mindre bruk og husemannsplassar brukar man ei lett dragarvogn, der det er flat mark. På ulendt mark berer ein høyet i hús i kipeband.

Før i tida var det mykje utmarks slått og fjeldslått. Hermed har det minka meir og meir, serleg etter 1900, so det er berre enkelte gardar, som driver fjeldslått og stølslått, og serleg småbrukere. Høyet i utmarkslekkene og fjellslåttene køyde man heim om vinteren på føre. Dei som ikkje ha hest drog på kjolker eller endevog bar i kipeband.

Når man køyre på slede om vinteren høy heim, er det ein som lasser, idet han gjing på knærne oppå lasset og trykkjer høyet godt saman, ein annan tar høyet av stakken eller ut av loa og fangar op til ham. Når det er fult lass,

"gjører" man lasset. Man legger ei bong på lango etter lasset og binnet den til slutt den bak og framme. Tongen ser slik ut:



Tungen er av tra og man gjører helst bak frå. Derfor er det på tungen bak ein kapp som man tek reipet som kallet "tongsim"-omkring. For legger man små busker, 3 eller 4 på kvar side av lasset og setter omkring eit reip framme og eit bak.

2. For at få høyet saman til løa eller stakken er det somme som kjører med hest. Her man ikkje hest for hånden, kan man bruke "slø"-2 busker at lagge høyet på og drager på den måte indtil eit halvt lass. Er det mot bakken må man bare i kipeband.

For å få høiet saman til heisen hev man byrja bruke sleperivar. Men dei fleste rakar det saman og trellar det på bære eller dragarvogn.

Til høybering brukes ikkje taug, men kipeband, som består av ei lang byrd buske med ei løkke i grannenden, og bæres helst over skola, sjeldnere over hovudet.

Topp-bendil - der hev vert kalla "svelt" brukes av somme - og den hev eg brukt at min tid i 50 år og synes den er best. Når man brukar kipeband må ein hjelpe til å lette børen på ham, men med

"svilk" kan ein reise seg aleine.

Bærer man langhøy legger man det i fanger i børen og trykkar det saman.

Er det småhøy, må det kjemmes med rive. Hjelperen står bak og lettar børen op på bæraren.

Skår torhøy skal rakes ihop, er alle med både kvinnfolk og barn. Sjølve húsmodren er med. Ofte skend det over med regn og då gjeld det å få høiet snørt saman. Før 1900 var det lite hesjing av høiet. Man tørka det helst som flathøy. Men sommaren 1896, i slutten av juli kom kong Oscar II og keiser Wilhelm II kvar med sine skip innover Langfjorden.

Det var ein regnfull sommar og vanskelegt å få tørke høy på bakken. Oscar II tok ein kagekur upover Øresfjordbygda. Han ga seg i prat med folk og dei klaga over det sure været. Då sa kongen: "Bare hesje, bare hesje!"

Og sidan vart det almindelig å hesje, for sjølve kongen ha bede folket gjera det.

Skår høiet om vinteren skulde bringes ned over bratte lier bruka dei meis av tåug eller vidjer. Dei var på skap som ein stor sekk. Heri kunne mann få med omlag eit halvt lass høy. Å prakke høiet på den måte kallast "å meise" høy. Men det er for lange sidan gått av bruk - folk slar ikkje lenger i slikt ilønde.

Trilbåren man brukar å brille høg på hev ikkje karm, men berre eit flatt Brett med eit par trespiler bak foran hjulet. Båren kan brukes både av barn og voksne. Til høgfrakting om vinteren ned frå fjellslätter brukar man ei høgbonng med 3 eller 2 skier - på skap som ei almindelig ski og med tvertra bak og framme. Høyt legges over med "skog" omkring og gjøres godt pålångs og tversover. Denne droge drages lett om der også er mykje snø. Kjem man til eit bratt stup, der ein ikkje kan halda droga, binder man eit langt tau eller vore fast i bakre ende av droga, tek tauget omkring eit tre og ein mann må halda i enden av tauget og gi etter litt etter litt, på det vis fer man droga nedover dei brattaste stup. Då segjer man at man "åbora" droga ned - og tauget kallast "abot". På den måte kan man frakte eit lite vore lass.

3. Høyet køyres bestandig heim frå marka på vinterføre. Dersom det knipar om for kan ein bli nøidd å køyra og dragga på "læ" (bar jord).


4. Høyvogna er ei almindelig langvogn og den same som vert bruka å køyra ved og vore på, berre at ein satler grindar eller korgar på og kallast då "Korgvogn" og har eit hjulpar. Sjølve sleden er omlag 3/4 m. lang, 1,5 m. brei og lasset veier godt trappa frå 150 - 200 kg. Lasset lasses på den måte at ein

eller to mann kastar høyet op i korga og ein voksen kar - eller ei par smågutar er oppi vognen å trappar. Høykorgar kom her i bruk omkring 1890. Før kjemte man høyet med rive og lagde på vognen og gjöra med lang og reip som på ein slade.


Før i tida var hjula utan skonning og likeså sledemeiene. Det er berre sle. dar til sumrarbruk utan "stenger" eller jarnbeslag.

Høykorga består av 4 dele, 2 lange på kvar si side og 2 kortare framme og bak. Kvar del består av ei treame 3-4 cm i firkant og med tverspiler av byrdere material. Til tverspiler hev man no byrja bruke jarnstreng.

Korga ser solis ut:



sidekorg



tverrkorg

Gjindene fastes til vognen med saug eller særskille jarnkrokar. Ovan til bindes de ihop med ei l kke av saug der kastes over endane p  tverrkorga a+b.

  sine enden av eit reip hev man ei "hegd", den ser soleis ut:



a) Den er helst b yet av tre, men der brukes ogs  hegd av jarn.

Man treder reipenden inn i rundinga a og drager med hendene og belagget

reipet på endane av hegda. Skal man riktig gjøre godt, tek man reipet omkring hofta rúndt seg og drager på, då hev ein godt tak.

Man gledde seg, når man fekk inn det første lasset. Det siste lasset lot man gjerne stå på vagna på låven ei tid, liksom eit bevis på, at det venta ikkje nokkott lass etter seg. Der bruktes bare ein hest for høysledin.

5. Ved fælleslåtts deler man høyet i lass, der ein kóyrer med hest, og i bórer der ein brukar å bore høyet. Det var helst etter nyár man kóyrde høyet heim, for då var man meir sikker på å få beholde fjøret lengre. Før júl er det her helst ústadigt ver ein dag snó og neste dag regn v. s. b. Er det fleire bønder som brukar same fjellvegen, kóyrer dei samtidig, og om det drings hjelpes man å brøyte på veg. Den som først er nógd å kóyre var skúer då dei andre. Man trappar og brukar snóskúfler for å få på veg.

Dei som skal drage høyet på kjelkar heim, brukar "skikjelkar", meine er flate og lynne som ski- og karene som drage brukar drugar på føttene til det vert god veg.

6. Bevaret foran. Man var oppe lidleg og stelte hestene, kóyrte avsted i grály" singen og kom att til middag. Etter middagskvildi var man sta etter ein vending til. Der vanka god mats den dagen, helst med rjomegráut til middag.

4/1 1946. E. Strandén -